



Notat

Dato: 14.01.2016
Arkivsak: 2015/5638-6
Saksbehandlar: lisadla

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Rullering av strategi for drift og vedlikehald - status for arbeidet

Hordaland fylkeskommune sin gjeldane Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012-2021) vart vedteke fylkestinget 18. oktober 2011.

I møte i fylkestinget 13. oktober 2015 vart det gjort slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesveggar", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

- 1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland.*
- 2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusere forfallet på vegnettet.*
- 3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderingar.*
- 4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå.*
- 5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland.*
- 6. Etablere rutinar for å følgje opp og rapportere effektar av dei samla tiltaka i strategien.*
- 7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.*
- 8. Lage ein handlingsplan innan 01.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som består av representantar frå samferdselsavdelinga og Statens vegvesen. I tillegg vert andre ressursar i den fylkeskommunale organisasjonen nytta på eigne fagtema.

Drift- og vedlikehaldsstrategien vil gå inn som ein del av arbeidet med rulleringa av Regional Transportplan (RTP). Det vert lagt opp til ei handsaming av dette dokumentet før RTP vert handsama politisk. Dette inneber ei handsaming av drift- og vedlikehaldsstrategien i fylkestinget i oktober 2016.

Aktuelle tema som skal utgreiast i dette arbeidet er:

- Kartleggingsarbeid i samband med ny Tunnelsikkerhetsforskrift
- Kartleggingsarbeid av fylkesvegbruene
- Kartleggingsarbeid av fylkeskommunale ferjekaiar
- Etterslep når det gjeld drift og vedlikehald
- Utvikling i rammetilskot og avvik i forhold til budsjett HFK

